



Robert Lorang Hansen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/2765 - 19/29414

Saksbehandlar:

Robert Lorang Hansen

robert.lorang.hansen@lindas.kommune.no

Dato:

03.10.2019

## Representantar Alver ungdomsråd - frå lag/organisasjonar

### Nominering av representantar til Alver ungdomsråd – frå lag og organisasjonar for ungdom

I tråd med med det Politisk reglement for Alver kommune (sjå vedlegg) skal det veljast 4 representantar (og 4 vara) til Alver ungdomsråd *frå lag og organisasjonar for ungdom*.

I kva grad ein kan definera at eit lag/organisasjon er *for ungdom*, avheng på om aktivita er med eller for ungdom og om ein har relevante ungdommar i laget/organisasjonen som kan nominerast.

### Nominasjon og val

For å bli nominert må ungdommen vere fødd mellom 2001-2006 og vere busett i Alver kommune.

Laget/organisasjonen kan nominere på vegne av ungdommen, eller ungdommen kan nominera seg sjølv i samråd med laget/organisasjonen.

Ungdom kan nominere seg sjølv, eller bli nominert av andre.

Melding om nominasjon må sendast til [robert.lorang.hansen@lindas.kommune.no](mailto:robert.lorang.hansen@lindas.kommune.no) innan **måndag 21.10** og må innhalde følgjande informasjon:

Namn:

Alder:

Mobilnummer:

Epost:

Lag/organisasjon:

Kontaktperson i lag/organisasjon:

Begrunning (kvorfor han/ho er nominert):

Valet vert organisert som eit ope allmøte der all ungdom som er busett i Alver kommune og er fødd mellom 2001 og 2006 kan møta med stemmerett. Alle som stiller til val må delta på møtet.

Dei nominerte vert presentert og valet vil gjennomførast ved skriftleg anonymt val.

Valet vert **onsdag 23.10 kl. 18.00 i kantina i Nordhordlandshallen, der serverast pizza/mineralvann**

### Omfang og honorar

Alver Ungdomsråd vil så langt det er relevante politiske sakar, eller at rådet sjølv krev det, møtast rundt 1 gong pr. månad på ettermiddag. Medlemmar som deltar på møte i ungdomsrådet får eit honorar på kr.

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



286,44 (leiar kr. 382,59) for møte.

Ungdomsrådet vert offisielt valt av kommunestyret, og skal opp som politisk sak i Alver kommunestyre torsdag 31. oktober.

### **Opplæring**

Både hovudrepresentant og vara må delta på felles opplæring for ungdomsrådet.

Opplæringa vil gjennomførast 7. november frå kl. 17:00. til fredag 8. november kl 15:00 (med overnatting).

Meir informasjon om opplæringa vil bli gitt når representantane er klare.

Med helsing

Robert Lorang Hansen  
Ungdomskoordinator

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Politisk reglement Alver kommune

### **Mottakarar:**

Robert Lorang Hansen